



Dei 3 fyrste av husa tek no form

14 år etter at dei aller fyrste planane vart lagt fram er den nye bustadgrenda Ospelunden iferd med å ta form.

I fyrste omgang gjeld det dei 5 tomannsbustadane ovanfor Korsnes. 3 av dei er no under reisning og Kvinnherad Bygg som har entreprisen har tydelegvis jobba raskt og effektivt sidan årsskiftet. Dei 2 neste og siste husa skal ligga bak og høgare i terrenget enn dei 3. Innflytting skal skje 1. juli.

Primus motor Oddbjørn Kroka kan no melda at det er interessentar til alle 10 bueiningar sjølv om det er 7 som førebels er selde. Han er særst nøgd med responsen i marknaden der han mellom anna har nytta finn.no og Facebook.

Det er tydeleg at husa slår an i likheit med det som også var tilfelle med bustadprosjektet Hagetunet i sentrum som er 'modell' for prosjektet i Ospelunden. Både eksteriør og interiør er så godt som identiske.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen
NETT: Ola Matti Mathisen



Dei 2 siste husa skal liggja bak og høgare enn dei 3 som no er under reinsing